



# Kviteseid misjonskyrkje

## MISJONSKIRKEN NORGE

### **Protokoll frå årsmøte søndag 14. februar 2021 kl 19.00**

Møtet vart halde i storsalen på Betel midt i ein periode med sterke restriksjoner på kor mange vi kan møtast. Vi sat med stor avstand og hadde ikkje servering. Det møtte 8 vaksne.

#### **1. Innleiing**

Møtet blei leia av Sigrun Lønning Solvang. Ho innleia med å lesa frå ei bok av Haldis Reigstad. Det handla om å kaste bøkene våre på Herren, og å tene Herren med glede. Han vil lære og vise oss vegen vi skal gå.

#### **2. Godkjenning**

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

Åsbjørn Hægeland vart valt som referent.

Gunhild Berntsen og Ove Solvang vart valt til underskrivarar av protokollen.

#### **3. Årsmelding**

Årsmeldinga blei lesen av Åsbjørn Hægeland og godteke med eit lite tillegg om oppstart av speideren.

Gunhild Berntsen refererte frå arbeidet i strikkekafeen. Pga smittevernsrestriksjonar har dei ikkje hatt samlingar etter jul i år, men strikkedamene etterspør spør etter og gler seg til å få møtast att. Dei er ca 10 stk som samlast jamnleg.

Ane S. Holm fortalte om gjenoppstarten av speideren. Fleire av leiarane er foreldre til gutar i overgang mellom barne- og ungdomsalder. Ho fortel om motiverte leiarar og fornøyde ungar.

#### **4. Rekneskap**

Rekneskapa blei gjennomgått av Åsbjørn Hægeland. Frå 2020 har Vest-Telemark Økonomi og Rekneskap AS blitt leigd inn for å føre dette.

Vi har dette året hatt eit overskot på ca 58 000kr. Vi har hatt mindre aktivitet og færre utgifter. Årsmøtet vart gjort oppmerksom på at i tillegg til kollektpengane, så gjev vi 1000 kr / mnd fast til Jakobs hus. Desse pengane er merka med Misjonskirken Norge i rekneskapen.

Vi sende rett over nyttår 2021 ut brev til 11 faste gjevarar og ba dei legge inn den faste gåva si i det nye systemet vårt via nettsida vår. Dei aller fleste har fulgt denne oppmoding. Det var eit ønske frå årsmøtet at denne digitale løysinga også kunne brukast til å gje gåver til Jakobs hus.

I 2013 fekk Kviteseid Misjonskyrkje overført 16 000 kr som var att på kontoen etter at speidaren vart lagt ned. Årsmøtet i år er samstemte i at Kviteseid Misjonskyrkja tilbakefører desse 16 000 kr til den nyoppstarta speidaren. Vi bør etter kvart finne eit fast beløp som kan overførast kvart år til speidaren.

## **5. Val til styret**

Valkomiteen har bestått av Oddvar Hægeland og Anders Songe.

### **Følgande personar er ikkje på val:**

Ane Spikkeland Holm. (Faste medlemmar i styret.)  
Tone Fosse (2. vara)

### **Følgande personar takka ja til gjenval:**

Åsbjörg Hægeland og Sigrun Lønning Solvang (Faste medlemmar i styret.)  
Nils Arne Grutle (1. vara)

Det har ikkje lukkast valkomiteen å få tak i fleire til å stille til val. Dermed har vi framleis eit styre på kun 3 stk, og det er ingen endringar i styresamansetjinga.

## **6. Val av valkomite og andre funksjoner**

Valkomitè: Oddvar Hægeland sa ja til gjenvalg. Vi treng ein person til. Oddvar spør Sigrun Kvamme, og får fullmakt til å spørje andre aktuelle kandidatar dersom ho seier nei.

Ove og Anlaug Solvang tar eitt år til med vaktmeisterfunksjonar. Ønsker avløyning ved neste årsskifte.

Facebook: Nils Arne Grute held fram med å drifte Facebook-sida vår.

Nettsida: Oddvar Hægeland tek ansvar for misjonskyrkja.no.

VTB: Mari Songe har (i ettertid av årsmøtet) sagt ja til halde fram med annonseringa.

Diakoniutvalet: Mari Songe, Anlaug Solvang og Gunhild Berntsen held fram.

Godhetsveka: Ane S. Holm overtar dette vervet for (kun) dette året.

Fellesmøtekomitèen: Ane S. Holm hald fram her.

Sundagstreffkomitèen: Anlaug Solvang, Åsbjørg Hægeland held fram.  
Styret spør om Tone Fosse kan halde fram.

Gunhild Berntsen sa ja til å vere revisor også komande år.

## **7. Samtale om arbeidet**

Vi kjenner framleis på at vi er i omskiftingstid der vegen vidare for kyrkja vår er noko uklar. Men vi er mange som har eit ønske om å drive vidare og som vil at vi skal leite vidare etter «vår nisje» og etter dei menneska som kan få både eit menneskeleg og åndeleg fellesskap hos oss. Vi avslutta 2020 med å legge planar av ulike slag for vårhalvåret. Rett etter nyttår vart det nok ei gong ikkje tillatt med møteverksemd pga smittefare. Dette har gjort at planlegging og engasjement har vorte sett på vent.

Vi snakka også om kor viktig det er at dei som er engasjerte gjer dette av lyst og iver, og ikkje av plikt. Og vi snakka om fordelar og ulemper med å ha mange kyrkjer i ei lita bygd.

Vi tenkjer at dei neste par åra blir viktige med tanke på å finne vegen vidare.

## **8. Eventuelt**

Ane orienterte om eit møte mellom Fredheim og Betel (ved Ane) ang Fredagsklubben. Fredheim kjenner på at det er vanskeleg å engasjere ungdommane til å ta ansvar, og at klubben ikkje lengre fungerer slik det var tenkt. Dei vil drive arbeidet ut dette skuleåret, men kjem truleg til å legge den ned til hausten. Dei vil ta kontakt med Misjonshuset og høyre om nokon der brenn for arbeidet.

Ane orientere om at det felleskyrkjeleg bønnemøtet (Bøn for Kviteseid) blir flytta til tysdagskveldar kl 18.00. (Midt i kvar månad). (Vi vedtok å halde på våre faste bønnemøte her på Betel kvar onsdagar kl 19.30.)

Ref. Åsbjørg Hægeland

Protokollunderskrivarar: \_\_\_\_\_

## KVITSEID MISJONSKYRKJE - resultatregneskap 2020

		2020		2019
<b>DRIFTSINTEKTER</b>				
Salsinntekt - basar mm	kr	1 400,00	kr	-
Faste gaver	kr	125 700,00	kr	131 400,00
Kollekt	kr	23 717,10	kr	42 145,00
Kommunalt medlemstilskot	kr	39 225,45	kr	43 423,74
Renteinntekter bank	kr	765,78	kr	1 169,27
Annen finansinntekt (Gjensidige)	kr	1 347,00	kr	1 266,00
Agder/Telemarksaksjonen	kr	-	kr	3 750,00
Andre inntekter	kr	-	kr	384,00
<b>SUM DRIFTSINTEKTER</b>	<b>kr</b>	<b>192 155,33</b>	<b>kr</b>	<b>223 538,01</b>
<b>DRIFTSKOSTNADER</b>				
Innkjøp varer	kr	261,39	kr	3 851,06
Personalkostnad	kr	-	kr	75 443,68
Ungdomsarbeid/konfirmantar	kr	-	kr	7 774,00
Honorar talere/reise talere	kr	2 400,00	kr	21 774,00
Straum	kr	18 081,00	kr	19 884,00
Renovasjon, vann, avløp o.l.	kr	6 484,00	kr	3 261,00
Inventar	kr	4 708,00	kr	1 578,00
Programvare/lisensar	kr	1 157,50	kr	6 192,00
Brøyting	kr	4 820,00	kr	4 500,00
Regnskapshonorar	kr	9 825,00	kr	4 540,00
Porto	kr	370,00	kr	-
Annonser	kr	6 780,00	kr	12 056,00
Misjonskirken Norge - menighetsrådgiver	kr	12 000,00	kr	12 000,00
Misjonskirken Norge	kr	12 000,00	kr	12 000,00
Misjonskirken Norge - UNG	kr	6 000,00	kr	6 000,00
Misjonskirken Norge - Jakobs hus	kr	34 444,00	kr	33 691,00
Kollekt Stefanusstiftelsen	kr	-	kr	3 960,00
Støtte campingvogn Christian			kr	1 000,00
Gave - helsingar	kr	995,00	kr	396,00
Forsikringspremie	kr	11 042,00	kr	10 072,00
NRK-lisens	kr	-	kr	3 038,28
Bank- og kortgebyrer	kr	2 483,59	kr	6 544,58
Agder/Telemarksaksjonen			kr	3 750,00
Annen kostnad fradragsberettiget	kr	290,00	kr	-
<b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>	<b>kr</b>	<b>134 141,48</b>	<b>kr</b>	<b>253 305,60</b>
<b>RESULTAT</b>	<b>kr</b>	<b>58 013,85</b>	<b>kr</b>	<b>-29 767,59</b>

Kviteseid, 01.02.21

Revisjon:



Vest-Telemark Økonomi og Regneskap AS

Revidert 10/2-21  
Gunnhild Berntsen

**KVITSEID MISJONSKYRKJE - BALANSE 31.12.**

Driftskonto	kr	136 480,36	kr	42 666,73
Huskonto	kr	429 918,35	kr	459 168,13
<b>SUM EIGEDLAR</b>	<b>kr</b>	<b>566 398,71</b>	<b>kr</b>	<b>501 834,86</b>
Eigenkapital	kr	559 848,71	kr	501 834,86
Leverandørgjeld	kr	6 550,00	kr	-
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b>kr</b>	<b>566 398,71</b>	<b>kr</b>	<b>501 834,86</b>

Kviteseid, 01.02.21



Vest-Telemark Økonomi og Rekneskap AS